



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Eivind Børilden

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/858 - 17/8329

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
26.06.2017

Søknad om uttak av rødrev(hiuttak) - svar

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 19.06.17

Eivind Børilden søker om å gjennomføra hijakt i fredningstida 15/4-15/7, med mål om å redusere lammetapa i 2017. Reven har til no tatt seks lam hjå Børilden. Sauane beitar ute på Langøy i Austrheim og revehiet er truleg lokalisert på Bjørnøy som ligg i tilknytning til beite.

Bakgrunn

Raudrev

Raudrev har ein god bestand på landsbasis og bestanda er tallrik i Austrheim. Det er framleis tilfelle av skabb i bestanda og ein prøver å halde bestanda lav for å unngå smitte. Jakttida for rev er 15/7-15/4, fredningsperioden er ynglingstid for reven. I ynglingstida vil ein stor del av revane ha kvalpar gjøymd i hi, vanleg skadefelling er difor ikkje aktuelt i denne tida.

Området

Austrheim er ein kommune med aktiv landbruksdrift. Landskapet er småkupert med slåttemark og beite som vert avløyyst av skog og utmark. Kommunen har og eit stort antall holmar og skjær. Sauehald er vanleg i Austrheim og tap av dyr til rev er ei utfordring for bøndene. Det er interesse og fokus på revejakt i kommunen.

Lovgrunnlag

Skadefelling vert løyvd på grunnlag av forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon. Kommunen kan tillate hijakt på rev som gjer skade på beitande bufe, jamfør kapittel II. B tredje ledd.

Forskrifta set generelle vilkår for skadefellingsløyve:

«Viltlovens § 14 setter krav om at skade skal ha skjedd. Dette må forstås slik at skaden skal ha oppstått i inneværende sesong, og i et omfang som er av vesentlig økonomisk betydning for den skadelidte, eller som vil få tilsvarende betydning dersom skaden fortsetter.»

Det er og krav om:

1. «Avliving av skadegjørende viltarter skal skje sikkerhetsmessig og humant forsvarlig.»
2. «Før felling plikter eier, bruker eller rettighetshaver i rimelig utstrekning å forsøke andre tiltak.»

Forskriftas generelle vilkår for skadefelling tredje ledd punkt 2 tredje innrykk:

«For en rekke skadeformer vil det være mer eller mindre praktisk umulig å gjennomføre effektive tiltak. I slike tilfeller må en akseptere at det er urealistisk å sette krav om at forebyggende tiltak er gjennomført.»

Skadefelling er eit unntak frå viltlova og «fredningsprinsippet» for å hindre eller begrense skade, og skal ikkje brukast som bestandsregulerande verkemiddel.

Vurdering

Fredningsprinsippet og førebyggjande tiltak.

Forskrifta legg til grunn at eigar, brukar eller rettighetshavar skal ha gjort naudsynte tiltak for å redusere skaden før fellingsløyve vert handsama. Det er likevel opna for å sjå vekk i frå kravet der slike tiltak ikkje er mogleg. Søkar har tilsyn med sauane sine og observert rev på beite vert jaga vekk. Det vert og jakta rev i jakttida. Reven er mest aktiv nattetid og det er ikkje mogleg å halde auge med sauane døgnet rundt. Det er lite ledig beiteareal i området og landbrukskontoret forutset at bonden hadde flytt sauane om mogleg. Landbrukskontoret vurderar tiltaka for å redusera skaden som tilstrekkelig.

Raudreven har ein livskraftig bestand i kommunen og har eit stort potensiale for reproduksjon. Løyve til hiuttak i tilknytning til beite vil ikkje ha bestandsregulerande virkning. Landbrukskontoret vurderar alle søknader om skadefelling for seg, men er restriktiv i tildeling av fleire løyve i same område. Det er hittil, i 2017, ikkje løyvd skadefelling på rev i Austrheim kommune.

Skade inneværande år og vesentleg økonomisk tap.

Eigar har dokumentert tap av 6 lam i 2017. Lamma er grunnlaget for inntekta og seks tapte lam er ein stor kostnad for bonden. Da det er hi i beitemarka er potensialet for skade framleis stort.

Sikkerhetsmessig og human jakt.

Forskrifta set krav til human og sikkerhetsmessig jakt, samstundes seier § 1-1: «Avlivast eit mordyr i yngletida bør avkommet av dyrevernmessige hensyn om mulig avlivast». Det satt krav til at jeger kontrollerar dyrets kjønn og, om det er eit hodyr, vurderar om det er kvalpar i hi. Jeger sjekkar om reven har mjølk i pattane og kontrollerar hiet. Er det eit mordyr skal ein og avlive kvalpane.

Det er viktig at jegerane tar eigen og andres sikkerheit på alvor og at erfarne jegera er med.

Vedtak

Landbrukskontoret gjev Eivind Børilden løyve til å ta ut 1 revehi (totalt to vaksne rev) i sitt beiteområde.

Det skal avlivast skadegjerande individ og kvalpar skal avlivast om ein skyt eit mordyr.

Grunneigar må gje løve til felling på deira eigedom før felling tek til.

Løyve er gyldig til og med 10.07.17.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som mogleg og innan 12. juli 2017.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf !! 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket elelr krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b.

Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt med rådgjevar labndbruk Andreas Sandnes Granli.

Med helsing

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM

Mottakarar:

Eivind Børilden